ÅLESUND KOMMUNE

Reglement for folkevalde organ

OPEN • ENGASJERT • MODIG

Nasjonal gjennomslagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Foto: Peder Otto Dybvik

Ålesund kommunestyre vedtok Reglement for folkevalde organ i møtet 23.09.21, sak 178/21. Reglementet har vore justert fleire gonger etter opphavleg vedtak i konstituerande møte 24.10.19, sak 06/19.

Kommunelova § 5-13
«Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
b) tidsperioden som organet er opprettet for
c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefellesskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.»

Innhald

1. ORGAN ETTER KOMMUNELOVA 5

1-1 KOMMUNESTYRET (§ 5-1, § 5-3 OG § 5-5) 5

1-2 FORMANNSKAPET (§5-6) 5

1-3 ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR (§ 6-1 OG § 6-2) 5

1.4 KOMITEAR (§ 5-9) 5

1-5 KOMMUNESDELUTVAL (§ 5-7) 6

1-6 UTVAL (§ 5-7) 7

1-7 KONTROLLUTVAL (KAP. 23 I KOMMUNELOVA) 8

1-8 ANDRE ORGAN ETTER KOMMUNELOVA 8

1-9 PARTSSAMANSETTE UTVAL (§ 5-11) 9

1-10 INTERKOMMUNALT SAMARBEID (§17-1) 9

1-11 STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK (KAP. 9 I KOMMUNELOVA) 9

2. ORGAN ETTER SÆRLOV 10

~~2-1 ARBEIDSMILJØLOVA – ARBEIDSMILJØUTVAL ..... 10~~

2-2 DOMSTOLLOVA– MEDDOMARAR OG FORLIKSRÅD 10

2-3 EIGEDOMSSKATTELOVA – STKATTETAKSTNEMND OG SKATTETAKSTKLAGENEMD 10

2-4 FORVALTNINGSLOVA - KLAGENEMND 11

2-5 HEIMEVERNLOVA - HEIMEVERNSNEMND 11

2-6 JORDSKIFTELOVA - MEDDOMARAR 11

2-7 VILTLOVA - VILTUTVAL 11

2-8 TVISTELOVA - MØTEFULLMEKTIGAR 11

2-9 VALLOVA, VALSTYRE OG STEMMESTYRER 11

3. VAL TIL KOMMUNALE ORGAN MV. 12

3-1 VALBAR. PLIKT TIL Å TA IMOT VAL 12

3-2 KJØNNSMESSIG BALANSE 12

3-3 UTGANG. SUSPENSJON 13

3-4 OPPRYKK OG NYVAL 13

3-5 VALORDNING 13

3-6 OPPNEMNING AV MEDLEMMAR OG REPRESENTANTAR 13

3-7 GJENNOMGÅANDE REPRESENTASJON, MV. 14

4. TILSYN OG KONTROLL 14
4-1 LOVLEGKONTROLL 14
4-2 TILSYNSANSVAR 14
5. SAKHANDSAMINGSREGLAR (§§ 11-1 T.O.M. 11-13) 15
I GENERELLE REGLAR 15
5-1 KVEN SAKSHANDSAMINGSREGLANE GJELD FOR 15
5-2 MØTEPLAN 15
5-3 OFFENTLEGE MØTE (§11-2) 15
5-4 LUKKING AV MØTE 15
5-5 INNSYN (§11-13) 16
5-5 FJERNMØTE 16
5-7 SKRIFTLEG SAKSHANDSAMING (§11-8) 17
5-8 SAKSFØREBUING 17
5-9 SAKSHANDSAMING AV HØYRINGAR 17
II INNKALLING /KUNNGJERING 17
5-10 SAKLISTE / INNKALLING (§11-3) 17
5-11 KUNNGJERING (§ 11-5) 18
5-12 MØTEPLIKT. INNKALLING AV VARA (§8-1) 18
5-13 HABILITETSKRAV. FRITAK FRÅ Å DELTA I BEHANDLINGA AV EI SAK 18
III GJENNOMFØRING AV MØTE 18
5-14 MØTELEIING 18
5-15 MØTESKIKK 19
5-16 ORDSKIFTE 19
5-17 MØTELEIAR SI INNLEIING PÅ SAKER I MØTE 20
5-18 FORSLAG I MØTE 20
5-19 VEDTAKSEVNE. AVSTEMMINGAR 21
5-20 PROTOKOLLTILFØRSEL 22
5-21 ORIENTERINGAR 22
5-22 INTERPELLASJON, GRUNNGJEVE SPØRSMÅL 22
5-23 PROTOKOLLERING AV MØTE (§11-4) 23
6. SEKRETARIAT 23

1. ORGAN ETTER KOMMUNELOVA

1-1 KOMMUNESTYRET (§ 5-1, § 5-3 OG § 5-5)

a) Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ. Det treff vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.
b) Tal medlemmar i kommunestyret er 77. Endring av medlemstalet kan bli gjort for kvar valperiode i samsvar med kommunelova § 5-5.
c) Kommunestyret blir valt for fire år etter reglar fastsett i vallova.

1-2 FORMANNSKAPET (§5-6)

a) Formannskapet er det nest øvste kommunale organet. Det treff vedtak på vegne av kommunen i dei tilfelle mynde er lagt til kommunen og det i lov eller delegeringsvedtak i kommunestyret ikkje er lagt til anna organ.
b) Formannskapet har mynde til å treffe vedtak i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er nødvendig at vedtak blir fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle rett (kompetent) organ, jf. kommunelova § 11-8. Vedtak gjort etter denne fullmakt skal leggast fram for vedkomande organ sitt neste møte.
c) Tal medlemmar i formannskapet er 15.
d) Formannskapet kan ikkje bli omorganisert eller lagt ned i løpet av valperioden (fire år).

1-3 ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR (§ 6-1 OG § 6-2)

a) Ordføraren er den fremste tillitsvalde i kommunen. Han eller ho leier møta i kommunestyret og formannskapet. Ordføraren er rettsleg representant for kommunen og skriv under på kommunen sine vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre.
b) Ordføraren har møte-, tale og forslagsrett i alle kommunale folkevalde organ. I kontrollutvalet har ordførar møte- og talerett. Ordførar har berre stemmerett i dei organ der han eller ho er vald medlem.
c) Ordføraren kan la ein annan medlem av kommunestyret møte i sin stad i organ ordføraren ikkje er medlem.
d) Trer ordføraren midlertidig ut av vervet, rykkjer varaordføraren opp som ordførar. Trer ordføraren endeleg ut av vervet, skal det vere nyval.
e) Val av ordførar og varaordførar gjeld for heile valperioden (fire år).

1.4 KOMITEAR (§ 5-9)

a) Det politiske arbeidet på nivået under kommunestyret skal vere organisert som kommunestyrekomitear. Komiteane er saksførebuande organ for kommunestyret utan vedtaksmynde.
b) Det skal vere fire kommunestyrekomitear og inndelinga i kommunestyrekomitear skal vere basert på sektorprinsippet:
    1. Komite for oppvekst med 19 medlemmar. Kjerneoppgåver er knytt til barnehage, grunnskule, SFO, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og vaksenopplæring.
    2. Komite for kultur og medborgarskap med 17 medlemmar. Kjerneoppgåver er knytt til å bygge fellesskap, og komiteen sine oppgåver omfattar ulike tenester på kulturfeltet, idrett og friluftsliv, kulturbygg, nærmiljøutvikling, frivillig arbeid/frivilligsentralar, innbyggartorg, flyktning og integrering.

3. Komite for helse og omsorg med 19 medlemmar. Kjerneoppgåve er å hjelpe innbyggarane til å kunne leve eit så aktivt og sjølvstendig liv som mogleg. Komiteen sitt fagområde er pleie- og omsorgsteneste, helseteneste, psykisk helse og rus, aktivitet og sysselsetting.
4. Komite for teknisk, miljø og samferdsel med-19 medlemmar. Komiteen sine oppgåver har fokus på vekst og berekraft, og omfattar infrastruktur (vatn, avløp, renovasjon (VAR), veg, anlegg, park (VAP), samferdsel, eigedomsdrift, kart-geodata/oppmåling, natur og miljø.

c) Ordførar skal fritakast frå val til komitear.
d) Kommunestyret deler sjølv alle kommunestyremedlemmar inn i kommunestyrekomitear og vel leiar og nestleiar til komiteane. Varamedlemmar til komiteane vert valde blant kommunestyrets varamedlemmar.
e) Valet vert gjennomført på grunnlag av ei innstilling som inneheld framlegg til medlemmar og varamedlemmar til komiteane. Innstillinga skal innehalde like mange namn som tal medlemmar i kvar komite, og ho skal opplyse om kva gruppe kvart medlem representerer. Innstillinga kan òg innehalde namn på varamedlemmar. Tal varamedlemmar kan vere inntil to fleire enn dei faste medlemmane. Innstillinga vert vedteke med alminneleg fleirtal.
f) Komiteane skal setjast saman tilsvarande etter kjønnsfordelinga i kommunestyret. Varamedlemmar til komiteane vert valde på same måte.
g) Dersom ein medlem trer ut av kommunestyret, skal den nye medlemmen i kommunestyret overta komitevervet til det førre medlemmen.
h) Komiteen kan opprette arbeidsutval med medlemmar frå komiteen. Arbeidsutval kan ikkje avgi innstilling på vegne av komiteen.
i) Kommunestyret kan sjølv når som helst omorganisere eller legge ned kommunestyre- komitear.

1-5 KOMMUNESDELUTVAL (§ 5-7)

a) Kommunestyret kan sjølv opprette kommunedelsutval for delar av kommunen og fastsetje kor mange og kva geografiske område utvala skal dekkje.
b) Kommunestyret fastset sjølv arbeidsområde og arbeidsoppgåvene for utvala, og kan tildele avgjerdsmynde i alle saker som vedkjem kommunedelen, der ikkje anna følgjer av lov.
   - Kommunedelutvala skal vere utviklingsorgan og planleggingsorgan for saker som gjeld den aktuelle kommunedelen. Utvala skal ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og til medverknad i saker av interesse for kommunedelen
   - Kommunedelsutvala skal gje uttale i saker som gjeld den aktuelle kommunedelen. Slike saker skal leggast fram for kommunedelsutvala så tidleg som mogleg. Kommunedelsutvala kan uttale seg og vere høyringsorgan i plansaker, budsjett- og andre overordna saker som vedkjem heile kommunen
   - Kommunedelsutvala skal utarbeide eit årleg handlingsprogram. Utvala skal evaluere handlingsprogrammet slik at arbeidet i KDU kjem fram i kommunen si årsmelding
   - Kommunedelsutvala har mynde til å avgjere saker som gjeld tildeling av midlar til lokale tiltak i den respektive kommunedelen innan utvalet sitt eige budsjett , jf delegeringsreglementet
c) Kommunestyret opprettar 11 kommunedelsutval som til saman dekkjer heile kommunen. Det skal vere 11 medlemmar og 9 varamedlemmer (i rekkefølge) i kvart kommunedelsutval med:
   1. Hessa, Skarbøvik og Aspøy som dekker Hessøya, Aspøya og vestre del av Nørvøya øst til Gjerdegata og Flatholmvegen 19.

2. Nørvøy, Nørvasund og Hatlane som dekker Nørvøya vest til Gjerdegata og Flatholmvegen 19 (ca.) og østover til Hatlaåsen
3. Spjelkavik, Åse og Lerstad som dekker området fra Skåthaugen i nord, Humla, Tørla og østover til kommunegrensa mot Skodje
4. Indre Borgund som dekker området fra Hatlaåsen og østover til gamle kommunegrensa mot Skodje og sørover til Skåthaugen
5. Nordøyane
6. Brattvåg, Hildre og Søvik
7. Skodje
8. Ørskog
9. Ellingsøy (Ellingsøya)
10. Vatne og Tennfjord
11. Sandøy og Fjørtoft

d) 6 medlemmar skal vere foreslått av politiske parti (fordelt etter reglane i kommunelova) og 5 medlemmar skal vere foreslått av lag, organisasjonar og lokalmiljøa. Innbyggarane i kommunedelen skal oppmodast om å foreslå kandiatar. Valnemnda skal samordne dei innkomne forslaga og breiast mogleg representasjon skal tilstrebast. 1-2 av medlemmane skal vere medlem av kommunestyret og sikre prinsippet om gjennomgåande representasjon. Krav om kjønnsbalanse gjeld og medlemmane skal ha bustadadresse i kommunen. Alle medlemmar vert valde for 4 år, med unntak for dei som før valdagen var under 18 år. Desse vert valde for 2 år, jf. eiga forskrift.

e) Kommunestyret kan sjølv når som helst omorganisere eller legge ned utval.

f) Utvala kan opprette arbeidsutval med medlemmer frå utvalet for å gjere avgrensa utgreiingar.

1-6 UTVAL (§ 5-7)

a) Kommunestyret kan sjølv opprette ***utval*** for kommunale formål eller for delar av kommunen si verksemd. Slike utval vert oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utval skal ha minst 3 medlemmar. Kommunestyret fastset sjølv medlemstalet ut over minimum og området for utvala sitt arbeid.

b) Det skal opprettast eit fast utval for plansaker; ***planutval***, med 13 faste medlemmar. Ansvarsområdet til fast utval for plansaker er opplista i vedtatt delegeringsreglement.

c) Kommunen skal ha eit **eigarskapsutval** på 5 medlemmar som mellom anna har som oppgåve:
   - å førebu og gjennomføre føretaksvise eigar-/dialogmøte
   - bidra i arbeidet med å utvikle styringsdokument, som f.eks. eigarskapsmelding og eigarstrategiar.
   - Vere kommunens eigarorgan som set i verk og følger opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding som gjeld føretaka.
   - Kunne be om å få utgreidd saker til politisk behandling.

d) Eit **oppgåveutval** som vert oppretta av kommunestyret, er eit spesialisert politisk organ, og meint å skulle bestå i kortare eller lengre periodar avhengig av kva oppgåver som vert lagt til utvalet eller nemnda. Oppgåveutvalet kan ha tilrådingsrett til kommunestyret. Varigheit og mynde vert fastsett ved oppretting av utvalet.

e) Komite for kultur og medborgarskap skal fungere som **prisutval for kultur- og idrettsprisen og kunstnarprisen**. Utvalet er eit fast utval etter kommunelova § 5-7 og har følgjande oppgåve og mynde i tråd med vedteke retningsliner: - Behandle og tildele Ålesund kommune sin kultur og idrettspris til person eller organisasjon som gjer ein særleg innsats for å fremje kulturarbeid og gjere kultur tilgjengeleg for innbyggarane i kommunen. - Behandle og tildele Ålesund kommune sin kunstnarpris til kunstnarar på høgt nivå eller særleg talentfulle unge kunstnarar.

f) Komite for teknisk, miljø og samferdsel skal fungere som **prisutval for miljøprisen**. Utvalet er eit

fast utval etter kommunelova § 5-7 og skal behandle og tildele Ålesund kommune sin miljøpris for særskild innsats for berekraftig miljø, under dette klima- og energitiltak.

g) Kommunestyret (eller den som har fått mynde til å opprette organet) kan når som helst omorganisere eller legge ned utval.

1-7 KONTROLLUTVAL (KAP. 23 I KOMMUNELOVA)

a) Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å gjennomføre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegne, jf. kommunelova § 23-1.
b) Kontrollutvalet sine oppgåver og mynde går fram av kommunelova § 23-2 til 23-7, og «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner», samt eige reglement.
c) Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige organ og rapporterer direkte til kommunestyret. Utvalet har 5 medlemmar. Minst eitt av desse skal tilhøyre kommunestyret.
d) Kommunestyret kan når som helst velje nye medlemmar i utvalet, jf. kommunelova § 23-1, siste ledd. Dersom ein eller fleire medlemmar skal skiftast ut, skal alle medlemmane veljast på nytt.

1-8 ANDRE ORGAN ETTER KOMMUNELOVA

Kommunelova § 5-12 lovfestar medverknadsorgan for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom. Dette er grupper som ofte er underrepresenterte i folkevalde organ. Lovfesta medverknadsorgan skal sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld desse gruppene. Medverknadsorgana sitt føremål, oppgåver, samansetjing og organisering er regulert i eiga Forskrift. I tillegg har Fellesnemnda vedteke reglement for rådsorgan i møte 13.09.19.

Medverknadsorgana er rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom. Medverknadsorgana skal få saker til behandling på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, for å sikre moglegheit for reel medverknad.

Medverknadsorgana har ikkje vedtaksmynde.

1. Ålesund ungdomsråd (§ 5-2, andre ledd bokstav e og § 5-12)

a) Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Det skal få alle saker som gjeld levekår for ungdom, til handsaming. Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.
b) Ungdomsrådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem dei unge i kommunen. Protokollen frå rådet sine møte skal refererast i kommunestyret.
c) Rådet har 11 medlemmar og 13 varamedlemmar valde i rekkefølgje.
d) Kommunen sitt ungdomsråd har mynde til å behandle og tildele Ungdommens kulturpris i tråd med vedteke retningsliner

2. Ålesund eldreråd (§ 5-2, andre ledd bokstav e og § 5-12

a) Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Rådet skal få alle saker som gjeld levekår for eldre, til handsaming. Alle saksdokument skal bli lagt fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.
b) Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem dei eldre i kommunen. Protokollen frå rådet sine møter skal skal refererast i kommunestyret.
c) Rådet har 11 medlemmar og 13 varamedlemmar valde i rekkefølgje.

3. Ålesund råd for menneske med nedsett funksjonsevne (§ 5-2, andre ledd bokstav e og § 5-12

a) Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen. Rådet skal få alle saker som gjeld levekår for personar med funksjonsnedsetting, til handsaming. Alle saksdokument skal bli lagt fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.
b) Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan sjølv ta opp saker som vedkjem dei med funksjonsnedsetting i kommunen.
c) Protokollen frå rådet sine møter skal referast for kommunestyret.
d) Rådet har 11 medlemmar og 13 varamedlemmer valde i rekkefølgje.

1-9 PARTSSAMANSETTE UTVAL (§ 5-11)

a) Kommunen har eitt partssamansett utval med 8 medlemmar (administrasjonsutval) for handsaming av saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Kommunen sine representantar skal veljast av kommunestyret blant medlemmane av formannskapet. Ordførar skal vere medlem i utvalet.Utvalet er heimla i kommunelova § 5-11.
b) Utvalet skal settast saman av representantar for kommunen og for dei tilsette. Arbeidsgjevar skal ha fleirtal.
c) Utvalet kan bli erstatta av andre ordningar dersom dette får tilslutnad frå minst tre fjerdedelar av dei tilsette.
d) Utvalet skal ha eit underutval, kalla forhandlingsutval, som er samansett av dei folkevalde arbeidsgjevarrepresentantane i det partssamansette utvalet (administrasjonsutvalet). Forhandlingsutvalet skal ha ein strategifunksjon overfor kommunedirektøren i tariff- og arbeidsgjevarsaker.
e) Kommunestyret fastset arbeidsområde, arbeidsoppgåver og mynde for utvalet. Kommunestyret vedtok eige reglement for utvalet i møte 14.11.19, sak 32/19.

1-10 INTERKOMMUNALT SAMARBEID (§17-1)

a) Kommunestyret kan sjølv vedta å inngå samarbeid med ein eller fleire kommunar, eller ein eller fleire kommunar og fylkeskommunen, for å løyse felles oppgåver.
b) Eit interkommunalt samarbeid skal gå føre seg gjennom eit interkommunalt politisk råd (kap. 18 i kommunelova), kommunalt oppgåvefellesskap (kap. 19 i kommunelova), vertskommunesamarbeid (kap. 20 i kommunelova), interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeføretak, ei foreining eller på annan måte det er rettsleg heimel til.
c) Interkommunale politiske råd får oppgåver og mynde fastsett i eigne samarbeidsavtalar. Det same gjeld kommunale oppgåvefelleskap. Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd får oppgåver og mynde fastsett i eigen skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i vertskommunesamarbeidet
d) Oversikt over dei ulike interkommunale samarbeida finn vi i *Eigarskapsmeldinga*.

1-11 STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK (KAP. 9 I KOMMUNELOVA)

a) Kommunestyret kan sjølv vedta å opprette kommunalt føretak (KF). I dette ligg også å velje styre og fastsette vedtekter for føretaket. Slikt føretak skal vere registrert i Føretaksregisteret.
b) Kommunalt føretak er ein del av kommunen si verksemd som kommunestyret har bestemt skal organiserast som føretak. Dette er først og fremst tenkt som organisering av meir forretningsprega verksemd og ikkje der innslaget av utøving av offentleg mynde er framståande.
c) Føretaket er ein utskild og frittståande del av kommunen si forvaltning, men er ikkje eit eige rettssubjekt. Det vert leia av eit styre vald av kommunestyret sjølv, og av dagleg leiar.
d) Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor føretakets daglege leiar. Kommunedirektøren kan likevel instruere føretakets leiing om at iverksetjing av ei sak skal verte utsett til kommunestyret har handsama saka.

e) Før føretaksstyret treff vedtak i ei sak som skal handsamast av kommunestyret, skal kommunedirektøren ha fått høve til å uttale seg i saka. Uttalen skal leggjast fram for styret ved handsaming av saka og følgje saka til kommunestyret.
f) Føretaket er direkte underlagt kommunestyret og saker frå føretaksstyret går difor direkte til kommunestyret.
g) Føretaka er regulerte etter reglane i kommunelova kapittel 9 og vedtekter fastsett av kommunestyret.

2. ORGAN ETTER SÆRLOV

~~2-1 ARBEIDSMILJØLOVA - ARBEIDSMILJØUTVAL~~ Ifølge ny kommunelov må dette bli eit reint administrativt utval. Kommunestyret vedtok derfor 25.11.21, sak 236/21, å fjerne kapittel 2-1 frå reglement for folkevalde organ.

2-2 DOMSTOLLOVA– MEDDOMARAR OG FORLIKSRÅD

a) I kvar kommune skal det vere eit ***forliksråd*** med tre medlemmar og like mange varamedlemmar som kommunestyret sjølv vel. Kommunestyret vel ein av medlemmane til leiar.
b) Forliksrådets arbeid er regulert gjennom Tvistelova og Forskrift til tvisteloven (tvistelovforskrifta).
c) I kvart lagsokn skal det for ***lagmannsretten*** vere to utval av meddomarar, eitt for kvart kjønn. Kvar kommune i lagsoknet peikar ut meddommarar som inngår i utvala. Talet vert fastsett av Domstoladministrasjonen.
d) I kvart domssokn skal det for ***tingrettssaker*** vere to utval av meddomarar, eitt for kvinner og eitt for menn. Kvar kommune i domssoknet utpeikar meddomarar som inngår i utvala. Talet vert fastsett av Domstoladministrasjonen.
e) Medlemane til utvala av meddomarar vert valde av kommunestyret sjølv kvart fjerde år. Valet vert føreteke innan 1. juli året etter kvart kommunestyreval, og gjeld for fire år frå 1. januar det påfølgjande år.
f) Reglane om oppretting av forliksråd og om oppretting av forliksråd og utval av meddomarar går fram av Lov av 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstollova).
g) Kommunen har ikkje ansvar for forliksrådet og utvala av meddomarar ut over å stå for oppnemning og å ajourhalde listene over utvala.

2-3 EIGEDOMSSKATTELOVA – SKATTETAKSTNEMND OG SKATTETAKSTKLAGENEMD

a) Kommunestyret har med heimel i Eigedomsskattelova, § 8 A-3 (4), vedteke å opprette ei sakkyndig nemnd, ***skattetakstnemnda***, som skal sette taksten på eigedomar som skal være skattlagt. Nemnda har 3 medlemmar.
b) Kommunestyret har med heimel i eigedomsskattelova, § 20, oppretta ei eiga klagenemnd, ***skattetakstklagenemnda***, som skal handsame klage på utskriven eigedomsskatt. Nemnda har 6 medlemmar.
c) Skattetakstnemndene er faste utval etter kommunelova § 5-7. Deira arbeid er regulert gjennom Eiendomsskattevedtekter for Ålesund kommune, og skal vedtakast av kommunestyret.

2-4 FORVALTNINGSLOVA - KLAGENEMND

a) Kommunestyret oppnemner med heimel i Forvaltningslova, § 28 andre ledd, ei særskilt ***klagenemnd*** (klageutval).
b) Med heimel i eiendomsskattelova § 20 skal denne klagenemnda også behandle klager på formannskapet sine vedtak om eigedomsskatt etter eiendomsskattelova § 28: "Gjer særlege grunnar at det kom til å verta særs urimeleg om hele eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet."
c) Klagenemnda er klageinstans og behandlar klage på enkeltvedtak som er fatta av kommunens forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova. Dette gjeld likevel ikkje vedtak fatta av kommunestyret og vedtak med heimel i særlov der lova har lagt klageinstansen utanfor kommunen.
d) Klagenemnda sine vedtak kan ikkje påklagast.
e) Klagenemnda har 5 medlemmar valde for heile kommunestyreperioden. Klagenemnda sine medlemmar kan ikkje vere fast medlem av formannskapet, jf. punkt b ovanfor (habilitet) og forvaltningslova § 32 og kommuneloven § 11-10, tredje ledd.

2-5 HEIMEVERNLOVA - HEIMEVERNSNEMND

a) Forskrift til lov om Heimevernet omhandlar ***heimevernsnemnd*** med rådgjevande mynde. Heimevernsnemndene blir oppnemnde av Heimevernet. Politiet skal stille med representantar. Kommunane før høve til å stille med representantar. Heimevernsnemndene kan gi uttale og råd i saker som har betydning for Heimevernet.
b) Heimevernsnemnda inngår som ein del av Heimevernet og kommunen har ingen oppgåver knytt til nemnda ut over å kunne foreslå representantar.

2-6 JORDSKIFTELOVA - MEDDOMARAR

a) I kvart jordskiftesokn skal det vere ein eller fleire jordskiftedomarar. I kvar kommune skal det vere eit særleg utval for jordskiftesaker, ***meddommarar til jordskifteretten***. Tal blir fastsett av jordskifteretten. Meddommarane sitt arbeid er regulert av føresegnene i Jordskiftelova.
b) Kommunestyret sjølv oppnemner jordskiftedomarar. Kommunen skal berre stå for oppnemning og ajourhalde listene over utvala.

2-7 VILTLOVA - VILTUTVAL

a) Viltutvalet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § 5-7. Viltutvalet sine oppgåver er heimla i Viltlova.
b) Viltutvalet har 5 medlemmar med med representantar frå kvar av dei fem gamle kommunane. Medlemmar, varamedlemmar, leiar og nestleiar veljast av kommunestyret for inneverande kommunestyreperiode. Valet skjer som forholdsval eller avtaleval, jf. kommunelova §§7-5, 7-6 og 7-7.
c) Viltutvalet sine oppgåver og mynde skal framgå av kommunen sitt delegasjonsreglement.

2-8 TVISTELOVA - MØTEFULLMEKTIGAR

a) Ved kvart forliksråd skal det vere eit ***utval av faste møtefullmektigar***, jf. Tvistelova. Kommunen oppnemner medlemar til utvalet for inntil fire år av gongen. Mynde til å oppnemne medlemmane er delegert til kommunedirektøren.
b) Tal møtefullmektigar, deira kvalifikasjonar og godtgjersle mv. er fastsett i forskrift. Kommunen har ingen oppgåver etter tvisteloven ut over å oppnemne møtefullmektigane.

2-9 VALLOVA, VALSTYRE OG STEMMESTYRER

a) Kvar kommune skal ha eit ***valstyre***. Valstyret er eit fast utval etter kommunelova § 5-7 valt av kommunestyret sjølv for den kommunale valperioden. Styret har ansvar for gjennomføring av offentlege val og folkeavstemmingar.
b) Føregår stemmegivinga på valtinget (valdagen) fleire stader i kommunen, skal eit ***stemmestyre*** med minst tre medlemmar administrere stemmegivinga på kvar stad. Krav om stemmestyre gjeld ikkje ved førehandstemmegiving. Mynde til å oppnemne stemmestyre er delegert til valstyret.
c) Valstyret og stemmestyra sine oppgåver går fram av Vallov), Valgforskriften, og delegert mynde.
d) Valstyret kan ikkje bli omorganisert eller lagt ned utan heimel i valglova. Tal stemmestyrer og deira samansetting blir bestemt for kvart val. Stemmestyra si funksjonstid gjeld dermed for kvart enkelt val.

3. VAL TIL KOMMUNALE ORGAN MV.

3-1 VALBAR. PLIKT TIL Å TA IMOT VAL

a) Kven som kan veljast og har plikt til å ta imot val til kommunestyre går fram av vallova § 3-3(2).
b) For val til følgjande organ, gjeld kommunelova sine vilkår i § 7-2 om å vere valbar og ha plikt til å ta imot valet:
   1. formannskapet
   2. faste utval, komitear og rådsorgan
   3. kommunedelsutval
   4. kontrollutvalet
   5. utval og nemnder oppretta i medhold av særlov

c) Utelukking frå val går fram av vallova § 3-3 (3), kommunelova § 7-3), og av særlov. Det er eit mål om å utelukke færrast mogleg frå å vere valbare. Ved val til kommunedelutval skal eiga forskrift følgjast, jf. forsøksordning.
d) Den som ikkje har nådd stemmerettsalder, kan veljast til folkevalde organ med mindre det i lov ikkje er bestemt noko anna, men vedkomande er ikkje pliktig til å ta imot val, jf. kommunelova § 7-2, sjette ledd. Dette krev skriftlig samtykke til å ta imot val.
e) Rett til å krevje fritak frå val er heimla i valglova § 3-4, kommunelova § 7-9, og i særlov. Ved flytting ut av kommunen er valbarheita tapt.

3-2 KJØNNSMESSIG BALANSE

a) Ved oppnemning og val til utval, styre, råd, nemnd mv. skal begge kjønn vere representert på følgjande måte, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 28:

   1. Har organet to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vere representert
   2. Har organet fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst to
   3. Har organet seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst tre
   4. Har organet ni medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst fire
   5. Har organet fleire medlem enn ni, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 %
   6. Reglane i pkt. 1 – 5. ovanfor gjeld tilsvarande ved val av varamedlemmar

b) Der det i lov er bestemt at oppnemning og val skal skje ved gjennomgåande representasjon gjeld reglane i bokstav a ovanfor så langt det er råd. Dette gjeld val til ***formannskapet*** som blir valt av og blant faste medlemmar av kommunestyret. Fråvik kan berre skje dersom det ikkje er nok personer av kvart kjønn til at den kjønnsmessige balansen kan bli oppnådd.
c) Den kjønnsmessige balansen ved oppnemning og val skal elles følgje reglane i kommunelova jf. kommunelovens §§7-5 andre ledd, 7-6 , tredje ledd og 7-7, tredje ledd.

3-3 UTGANG. SUSPENSJON

a) Tap av valbarheit gjer at den valde går ut av sitt eller sine verv etter reglane i kommunelova § 7-9
b) Fritak frå verv kan etter søknad bli gitt med heimel i kommunelova § 7-9, andre ledd, av formannskapet.
c) Suspensjon frå verv skjer etter reglane i kommunelova §7-11.

3-4 OPPRYKK OG NYVAL

a) Har medlem forfall til eit møte i eit folkevald organ, blir varamedlem frå den gruppa det er forfall frå innkalla så vidt råd i den nummerorden dei er valde.
b) Dersom medlem eller varamedlem går endeleg ut av organet eller får varig forfall, gjeld reglane i kommunelova § 7-10.
c) Trer leiaren av organet endeleg ut av organet, skal ny leiar veljast.
d) Ved suppleringsval til andre organ enn kommunestyre og kommunestyret sine komitear, foreslår gruppa sjølv den som skal rykkje inn på den ledige plassen

3-5 VALORDNING

a) Leiar og nestleiar for folkevalde organ blir valde ved fleirtalsval, jf. kommunelova § 7-4, andre ledd.
b) Medlemmar av utval og nemnder blir halde som høvetalsval dersom ein medlem krev det, og elles som avtaleval.
c) Høvetalsval skjer etter reglane i kommunelova § 7-5 (listeforslag) og § 7-6 (valoppgjer).
d) Avtaleval skjer etter reglane i kommunelova § 7-7.
e) Fleirtalsval skjer etter reglane i kommunelova § 7-8.

3-6 OPPNEMNING AV MEDLEMMAR OG REPRESENTANTAR

a) ***Kommunestyret*** oppnemner medlemmar til utval, nemnder, komitear, valkomite for heileigde kommunale selskap og føretak uavhengig av selskapsform mv. der det er lagt til kommunestyret sjølv og i dei tilfella mynde ikkje er delegert til andre, jf. nedanfor.
b) Komiteane for ***Helse- og omsorg , Oppvekst, kultur og medborgarskap, Teknisk, miljø og samferdsel,*** samt ***kommunedelsutvala*** kan sette ned arbeidsutval blant eigne medlemmar for ein tidsavgrensa periode til førebuande arbeid med saker og til å utføre særskilde utgreiingar.
c) ***Formannskapet*** oppnemner kommunen sin(e) representant(ar) og vel medlemmar til alle andre organ enn nemnt i bokstav a – f i dette punktet, dersom ikkje anna er bestemt i lov, forskrift eller vedtekt.
d) ***Ordføraren*** oppnemner utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av og avgjer om kommunen skal la seg representere på årsmøtet, samt oppnemner kommunen sin(e) representant(ar) i organisasjonen sitt styre, så sant ikkje anna er bestemt i organisasjonen si vedtekt. Fullmakta gjeld også å oppnemne utsending til generalforsamling i aksjeselskap der kommunen sin eigardel er inntil 50 % og avgjer om kommunen skal la seg representere på generalforsamlinga så sant ikkje anna er bestemt i selskapet si vedtekt.
e) ***Kommunedirektøren*** peikar ut kommunen sin utsending til styret i privatskular, og administrative medlemmar til styre, utval, arbeidsgruppe, mv. etter at kommunestyret, formannskapet eller andre organ har fastsatt eit tal medverkande medlemmar frå administrasjonen.
f) ***Valstyret*** oppnemner stemmestyra. Formannskapet er kommunen sitt valstyre.
g) ***Valnemnda*** er samansatt av 1. listekandidat frå kvart av dei partia som vert valt inn i

kommunestyret. Valnemnda vert leia av listekandidaten frå det partiet som får størst oppslutnad ved valet. Valnemnda sitt mandat er å gi innstilling til kommunestyret som grunnlag for val av medlemmar og varamedlemmer til folkevalde organ i samsvar med kommunelova sine reglar om avtaleval.

h) ***Valnemnd for oppnemning av styrerepresentantar til heileigde kommunale føretak.*** Kommunen skal ha ein felles valkomité for alle heileigde føretak, uavhengig av føretaksform. Stiftingar der kommunane kan oppnemne styremedlemmer, skal også omfattast av valkomitéen sitt arbeid. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid.

3-7 GJENNOMGÅANDE REPRESENTASJON, MV.

a) Gjennomgåande representasjon oppstår når medlemmar til eit organ blir valde blant medlemmane av eit anna organ.
b) Ved val skal hovudregelen vere gjennomgåande representasjon.
c) Rådgivande organ (kommunedelutval, råda mv.) er deltakar i tilretteleggingа av grunnlaget for ei avgjerd og kan ha samanfallande medlemmar med dei organa som skal behandle saka på bakgrunn av høyringsuttale.
d) Val til eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd skal veljast etter framlegg frå organisasjonar i kommunen som representerer høvesvis eldre, menneske med funksjonsnedsetting og ungdom, sjå eige reglement for medverknadsorgana etter kommunelova § 5-12.

4. TILSYN OG KONTROLL

4-1 LOVLEGKONTROLL

a) Tre eller flere medlemmer av kommunestyret kan saman bringe ei avgjerd gjort av folkevald organ eller administrasjonen inn for Statsforvaltaren til kontroll av om avgjerda er lovleg. Tilsvarande gjeld avgjersle om eit møte skal haldast for opne eller lukka dør.
b) Retten til lovlegkontroll gjeld ikkje tilsetting, oppseiing eller avskjed.
c) Reglane om krav om lovlegkontroll og handsaming av slikt krav, går fram av kommunelova §§ 27-1 til og med 27-4.

4-2 TILSYNSANSVAR

a) Kommunestyret har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltninga. Det kan forlange ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Slikt krav må bli sett fram i møte med alminneleg fleirtal.
b) Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen i same utstrekking som desse kunne omgjere vedtaket sjølv. Vedtak om omgjering av vedtak utan klage kan skje dersom:
   1. endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser, eller
   2. underretting om vedtaket ikkje har kome fram til vedkommande og vedtaket heller ikkje er offentlig kunngjord, eller
   3. vedtaket må sjåast på som ugyldig. (Jf. forvaltningslova § 35.)
c) I tråd med vedteke delegeringsreglement kan 1/3 av medlemmane i formannskapet og planutvalet krevje ei sak som er førelagt desse to organa framlagt for kommunestyret for avgjerd (jf punkt om mindretalsanke). Kravet må setjast fram innan møteslutt. Høve til å framsette mindretallsanke gjeld ikkje for enkeltvedtak om forvaltningslova er til hinder for omgjering av vedtak, jf. forvaltningslova § 2b.
d) Kontrollutvalet utfører det løpande tilsynet på kommunestyret sine vegne.

5. SAKHANDSAMINGSREGLAR (§§ 11-1 T.O.M. 11-13)

I GENERELLE REGLAR

5-1 KVEN SAKSHANDSAMINGSREGLANE GJELD FOR

a) Reglane i dette kapittelet gjeld for kommunestyret, formannskapet, faste utval, kommunestyrekomitear, kommunedelsutval, råd og andre folkevalde organ oppretta i medhald av andre lover enn kommuneloven.
b) Reglane gjeld også for kontrollutvalet dersom ikkje anna går fram av kommunelova kapittel 23 eller særlov (nærare reglar om kontrollutval).
c) For styra i kommunale føretak (KF) er det berre kommunelova sine reglar § 11-3 andre og tredje ledd (innkalling og sakliste), § 11-4 (møtebok), § 11-7 (fjernmøte), § 11-10 (inhabilitet) og § 11-11 (fritak av personlege grunnar) som gjeld
d) Reglane i dette kapittel 5 gjeld heller ikkje for interkommunale selskap (IKS). Forvaltningslova sine reglar om habilitet gjeld likevel for IKS i dei tilfella selskapet er å rekne som forvaltningsorgan i saker der selskapet treff enkeltvedtak eller arbeider ut forskrift.

5-2 MØTEPLAN

a) Møteplanen skal samordne møta i dei folkevalde organa i kommunen for ein effektiv saksflyt.
b) Dei folkevalde organa gjennomfører møte etter møteplan fastsett av formannskapet innan utgangen av november føregåande år.
c) Møteplanen gjerast tilgengeleg på kommunen sine nettsider.
d) Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
   - Organet sjølv eller kommunestyret vedtar det
   - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
   - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

5-3 OFFENTLEGE MØTE (§11-2)

a) Eit møte er ein samankomst av folkevalde der det på førehand gjennom lovleg innkalling er fastsett at medlemmane av organet skal tre saman for å forhandle, drøfte, treffe vedtak eller på annan måte handsame saker og spørsmål som organet etter lov eller forskrift har som oppgåve å handsame.
b) Folkevalde organ skal handsame saker og treffe vedtak i møte. Kommunelova §11-2 (møteprinsippet) føreset at handsaminga av saker skal skje i eit møte der alle deltakande medlemmar er til stades. Handsaming av ei sak inneber både drøftingar, forhandlingar og synleggjering av ulike synspunkt.
c) Alle har rett til å vere tilstades i møte i folkevalde organ, med unntak for tilfelle om lukking regulert i kommunelova §11-5.

5-4 LUKKING AV MØTE

a) Eit folkevald organ skal vedta å lukke eit møte når organet:
   - handsamer ei sak som gjeld ein arbeidstakar sitt tenestlege forhold
   - handsamer ei sak som inneheld opplysningar omfatta av teieplikt
b) Eit folkevald organ kan vedta å lukke eit møte:
   - Av omsyn til personvern
   - Om det vil kome fram opplysningar i møte som kunne ha vore unntatt

offentlegheit om opplysningane hadde kome fram gjennom dokument

c) Organet eller møteleiar kan vedta at diskusjonen om lukking av møte skal skje i lukka møte
d) Ei eventuell votering om lukking av møte skal skje i ope møte.

5-5 INNSYN (§11-13)

a) Innsynsrett i dokument: Kommunestyret har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med dei avgrensningar som følgjer av kommunelova § 11-13. Andre folkevalde organ har med dei avgrensingar som følgjer av kommunelova § 11-13, rett til innsyn i alle saksdokument som handlar om dei delane av kommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt verkeområde.
b) Tidspunkt for innsynsrett: Innsynsretten gjeld frå det tidspunktet saka som saksdokumenta tilhøyrer, er sendt til handsaming i det folkevalde organet. For saker som blir avgjort av administrasjonen, gjeld innsynsretten frå det tidspunkt sakene er ferdighandsama.
c) Krav og vedtak om innsynsrett: Om eit folkevald organ ønsker å krevje innsyn i saksdokument etter pkt. a, må eit vedtak om å krevje innsyn gjerast med minst tre stemmer eller med fleirtalet av dei avgitte stemmene i organet. Om eit folkevalgt organ ønsker å krevje innsyn i saksdokument som gir kunnskap om taushetsbelagte opplysninger (pkt. d) må eit vedtak om å krevje innsyn gjerast med fleirtalet av dei avgitte stemmene i organet. Dokumenta det blir gitt innsyn i, skal sendast til alle medlemmane i organet.
d) Innsyn i teiepliktige opplysningar m.m. : Innsyn i dokument som gir kunnskap om teiepliktige opplysningar kan berre gjevast når det er nødvendig for handsaminga av ei konkret sak, og forvaltningslova § 13 b første ledd heimlar unntak fra teieplikta, jf. kommunelova § 11-13 andre ledd. Organet må sjølv vurdere om vilkåra for unntak frå teieplikta er oppfylt og kor nødvendig det er å få tilgang til dei teiepliktige opplysningane, for å kunne ta stilling til den aktuelle saka organet har til handsaming. Folkevalde som krev innsyn i dokument som ikkje er offentlege etter offentleglova, skal gjerast merksame på at dokumenta ikkje er offentlege sjølv om dei er oversendt til det folkevalde organet.
e) Teieplikt: Folkevalde medlemmar og andre som deltek i handsaming av saker med teiepliktige opplysningar er bundne av teieplikta etter forvaltningslova § 13 og reglane om teieplikt i andre lover og regelverk
f) Krav om innsyn i saksdokument går til kommunen sitt dokumentsenter eller sekretariatet. Innsynskravet skal handsamast straks.

5-5 FJERNMØTE

a) I møte 15. oktober 2020 har kommunestyret sjølv vedteke tilgang til å halde fjernmøte (sak 170/20, jf. kommunelova §11-7).
b) Følgande personar kan avgjere at eit møte skal avviklast som fjernmøte:
    - Kommuneeoverlege/ krisestab til dømes ved uavklart smittesituasjon
    - Ordførar / møteleiar når innhald i møtet er av ein slik karakter at fjernmøte er formålsteneleg (til dømes orienteringar)
c) Det er ikkje anledning til å delta digitalt når det er kalla inn til fysisk møte.
d) Sjølv om medlemmar vel å sitje saman fysisk, er møtet fortsatt eit fjernmøte etter lova.
e) Etter at innkalling er sendt ut, av omsyn til innbyggjarane (jf. kommunelova §§ 11-3 og 11-5 om innkalling og møteoffentlegheit), kan ein ikkje endre frå fysisk møte til fjernmøte eller omvendt, med mindre smittesituasjonen krev slikt tiltak.
f) Fjernmøte tydar at medlemmane ikkje sit i same lokale, men at dei ved tekniske hjelpemiddel likevel kan sjå, høyre og kommunisere med kvarandre.
g) Krava som elles gjeld for møte, gjeld også for fjernmøte (jf. punkt 5-15, «møteskikk»).
h) Eit møte som skal lukkast etter kommunelova § 11-5 andre ledd, kan ikkje haldast som fjernmøte, med mindre dette er felt ned i forskrift.

5-7 SKRIFTLEG SAKSHANDSAMING (§11-8)

a) Leiar av eit folkevald organ kan velje å handsame ei sak skriftleg dersom det ikkje er mogleg å gjennomføre eit møte (jf. kommunelova § 11-8).
b) Saksutgreiing med forslag til vedtak blir sendt samtidig ut til alle medlemmar. Den enkelte medlem gir tilbakemelding om han eller ho kan slutte seg til dette.
c) Føresetnaden for å kunne bruke skriftleg sakhandsaming er at alle medlemmar sluttar seg til både forslaget som blir sendt ut, og at saka blir avgjort på denne måten.

5-8 SAKSFØREBUING

a) Kommunedirektøren har ansvar for at saker til folkevalde organ er forsvarleg utgreidd (jf. kommunelova § 13-1). Saksførebuinga skal skje i form av saksframlegg som skal innehalde forslag til vedtak (tilråding). Kommunedirektøren si tilråding skal følge med saka fram til endeleg vedtak.
b) Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale folkevalde organ (unntatt kontrollutvalet). Kommunedirektøren kan la ein av sine underordna utøve denne retten på sine vegne.

5-9 SAKSHANDSAMING AV HØYRINGAR

a) I større høyringssaker skal innspel frå råd, utval, innbyggjarar, tilsette med meir samlast i eiga sak.
b) Innspela følgjer saksframlegget som går til vedtak, som vedlegg.
c) Formannskapet gir i hovudregelen høyringssvar på vegne av kommunen. I ikkje-prinsipelle saker gir kommunedirektøren høyringssvar på vegne av kommunen.

II INNKALLING /KUNNGJERING

5-10 SAKLISTE / INNKALLING (§11-3)

a) Leiaren av organet set opp saksliste for det enkelte møte.

b) Innkalling til møtet skal gå til medlemmane med rimeleg varsel, som hovudregel seinast ei veke før møtet.

c) Innkallinga skal innehalde ei oversikt over dei sakene som organet skal handsame.

d) Ein legg til grunn at store, tunge saker setjast opp tidleg i møtet, medan referatsaker som hovudregel skal kome sist i møtet.
e) Sak som er sett opp på sakslista til det innkalla møtet, kan verken organet sin leiar eller kommunedirektøren trekkje frå handsaming med mindre grunnlaget for saka har falt bort (søkar har trekt søknaden, klagen er trekt, saka er løyst på anna måte, o.l.).
f) Kommunestyret eller minst 1/3 av medlemmane i organet kan forlange ei bestemt sak tatt opp på eit ekstraordinært møte eller ført opp på sakslista til neste ordinære møte.
g) Organet kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak. Vedtaket skal i så fall innehalde ei grunngjeving for utsettinga.
h) Organet kan med alminneleg fleirtall treffe vedtak i sak som ikkje er ført opp på sakslista, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av medlemmane motset seg det.
i) Om representantane har spørsmål til administrasjonen i forkant av møtet til saker på saklista, skal svar frå administrasjonen til ein medlem delast til alle medlemmar som skal vere med å fatte vedtak i saka.
j) Spørsmål til større saker som skal handterast av kommunestyret sendast inn samla av gruppeleiar (til dømes budsjettsak).

5-11 KUNNGJERING (§ 11-5)

a) Møte i folkevalde organ skal kunngjerast på føremålstenleg måte, under dette også kunngjering i papirutgåve. Dette gjeld også møte som kan bli heilt eller delvis lukka etter kommunelova § 11-5.
b) Sakslista til møtet og andre dokument som ikkje er unnateke frå innsyn, skal vere tilgjengelege for ålmenta og gjort kjent på hensiktsmessig måte.

5-12 MØTEPLIKT. INNKALLING AV VARA (§8-1)

a) Den som er valt medlem at eit folkevald organ, plikter å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte, som til dømes at ein må forsøme viktige og uopprettelige forretningar eller plikter, slik som møte i andre offentlige organ, eksamen, o.l., Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil vere urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig, å avbryte.
b) Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til sekretariatet gjennom elektronisk system.
c) Ved gyldig forfall blir varamedlem innkalla så vidt mogleg i den rekkefølgje vedkomande er valt, og fra den gruppa det er forfall.
d) Ved inhabilitet som er varsla før møtet, innkallar sekretariatet vara til å møte i den aktuelle saka. Varamedlemmen tiltrer møtet etter at medlemmen har tatt opp spørsmålet om sin habilitet og deretter har fråtrådt møtet. Vara deltek då i avgjersla av habiliteten. Blir vedkomande kjent inhabil deltar vara i handsaminga av sjølve saka. Etter at saka er avslutta, fråtrer vara og medlemmet tiltrer igjen.
e) Varamedlem som er til stades i eit møte som publikum, tiltrer som medlem dersom ein plass blir ledig, sjølv om vedkomande ikkje er innkalla. Føresetnaden er at vedkomande høyrer til den gruppa det er forfall i, og det ikkje støyter mot den rekkjefølgja vara skal innkallast i.
f) Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmar, må alle desse fråtre ved behandling av spørsmåla. Blir organet ikkje vedtaksføre som følgje av dette og nok vara ikkje kan tiltre, skal alle møtande medlemmar, også dei som skulle ha fråtrådt, delta i avgjersla av habilitet.

5-13 HABILITETSKRAV. FRITAK FRÅ Å DELTA I BEHANDLINGA AV EI SAK

a) Reglane om habilitet i forvaltningslova kap II og kommunelova § 11-10 gjeld ved handsaming av saker i folkevalde organ. Medlem eller varamedlem som kjenner til forhold som fører eller kan føre til at medlemmen er inhabil i ei sak som står på saklista, skal straks melde dette gjennom systemet. Varamedlem kallast inn, jf kommunelova § 11-10. Det same gjeld om medlemmen av personlege grunnar ønskjer seg friteken frå handsaminga av saka, jf kommunelova § 11-11.
b) Den folkevalde har plikt til å vurdere eigen habilitet og melde frå om det før det folkevalde organet tek saka opp til handsaming. Organet sjølv avgjer habilitetsspørsmålet med alminneleg fleirtal utan at vedkomande medlem deltek i avgjerda.
c) Organet kan frita ein medlem frå å delta i handsaminga av ei sak når han eller ho ber om det før saka blir tatt opp til behandling, og vektige personlege grunnar tilseier dette. Eventuelt fritak blir protokollert med kommunelova § 11-11som heimel.

III GJENNOMFØRING AV MØTE

5-14 MØTELEIING

a) Møteleiar skal sørge for god orden i møtesalen. Møteleiar skal sørge for at talarane ikkje

avbrytast eller forstyrrast. Møteleiar kan vise publikum ut frå møtesalen dersom dei forstyrrar sakshandsaminga.

b) Møte i folkevald organ blir leia av organet sin leiar eller nestleiar. Har begge forfall, vel organet ein særskild møteleiar ved fleirtalsval.

5-15 MØTESKIKK

Folkevalde er sjølve ansvarlege for å syne god møteskikk og opptre i samsvar med vedtekne etiske retningsliner for Ålesund kommune. Det inneber mellom anna å:

- Møte i god tid før møtestart
- Vise respekt for kollegiet, møtet og møteleiinga
- Bidra til effektiv møtegjennomføring
- Stille godt førebudd til møtet og ha med naudsynt teknisk utstyr
- Vere positiv, open og konstruktiv
- Fokusere på møtet og plenumshandsaminga, der den politiske debatten går føre seg.
- Vise tillit til, og respekt for, medrepresentantar og andre deltakarar
- Vise særleg omsyn til nye representantar
- Skilje mellom sak og person
- Bruke respektfull språkbruk i møte og på sosiale medier
- Vere medviten om at rolla som folkevald også gjeld mellom møta
- Kle seg i passande antrekk i møta:
  - For ordførar å bere ordførarkjede under kommunestyremøta
  - For alle å ha klede utan påskrift som kommuniserer bodskap
  - Tillate er likevel jakkemerke som t.d. kommunevåpen, partitilhøyrsle og FN si berekraftnål
- For fjernmøte gjeld i tillegg følgjande:
  - Sjekk på førehand at du har tilgang til dei tekniske løysingane som vert nytta i møtet
  - Representantane skal nytte ein nøytral bakgrunn, t.d. felles bakgrunn som er designa med kommunevåpenet og eventuelt Ålesund kommune sitt motto og slagord
  - Når representanten har ordet bør grafikken vise namn og kva parti/liste vedkomande representerar
  - Ver merksam på lyssetting slik at du unngår sterkt motlys eller bakgrunnslys som gjer at ansiktet ditt fell i skuggen
  - Skru av lyd når du ikkje har ordet, slik at du ikkje uroar møtet

5-16 ORDSKIFTE

a) **Taletid:** I byrjinga av eit møte, før behandling av ei sak byrjar kan kommunestyret med vanleg fleirtal etter forslag frå leiar vedta avgrensa taletid. Vert det vedteke taletid skal følgjande reglar gjelde:

   1. I større saker frå politiske komitear og frå planutvalet, til dømes saker om økonomi eller struktur, kan leiar av organet - etter avtale med ordførar – innleie på saka saka med ei tidsramme på inntil 5 minutt.
   2. Kvar medlem kan teikne seg for innlegg på inntil 3 minutt.
   3. Replikk 30 sekund

   Vidare har møteleiar følgande moglegheiter han/ ho kan bruke om det er lite tid i eit møte
   - Møteleiar kan avgrense talet på replikkvekslingar.

- Møteleiar kan setje opp tidsbudsjett på store saker.

b) **Avslutning av debatt:** Kommunestyret kan med vanleg fleirtal vedta å avslutte debatten – setje strek, og medlemmane kan berre teikne seg for nye innlegg i løpet av neste talar sitt innlegg. Møteleiar skal referere talarlista før strek vert endeleg sett. Det er høve til å kome med framlegg og trekke framlegg etter at strek er sett. Kjem det fram nye opplysningar kan vedtak om strek opphevast, og debatten halde fram.

Reglar for avgrensing av debatt kan ikkje kome i strid med kommunelova §11-2 som slår fast at alle medlemmar kan stille spørsmål til leiar, også til saker som ikkje står på saklista.

5-17 MØTELEIAR SI INNLEIING PÅ SAKER I MØTE

a) Møteleiar les opp saksnummer, og sakstittel samt refererar tilråding til vedtak på kvar sak.
b) I høve dissens mellom tilrådinga og uttale frå ulike folkevalde organ, skal møteleiar gjere greie for dette.
c) Møteleiar kan be kommunedirektør, eller den kommunedirektøren sender i sin stad, om å svare på spørsmål som gjeld saker i møtet.

5-18 FORSLAG I MØTE

a) Om å fremje forslag:
   1. Ein kvar vald medlem av kommunalt folkevald organ som pliktar å delta i organets møte har rett til å fremje forslag i ei sak som er til handsaming. Forslagsretten er ei følgje av ein vald medlem sin stemmerett og stemmeplikt.
   2. Møtande medlem eller vara fremjer, åleine eller saman med andre, forslag i eller i forkant av møte. Forslag skal leggast fram skriftleg.
   3. Forslag til vedtak i ei sak som står på sakslista må bli lagt fram etter at saka er tatt opp til handsaming og før votering.
   4. Ein kvar møtande medlem eller møtande vara kan fremje forslag om å endre sakslista i møtet og om sak som ikkje står på sakslista.
   5. Inneheld forslaget ei realitetsavgjerd i ei sak som ikkje står på sakslisa, kan møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemmane motsette seg at saka blir tatt opp til behandling. Elles avgjer organet med alminnelig flertall om forslaget skal bli handsama.
   6. Kommunedirektøren kan fremje innstilling (forslag) til vedtak i utgreiinga til ei sak før ho blir sett opp på sakslista til møtet i et folkevalt organ. Innstillingsretten gjeld ikkje etter at innkallinga til møtet er sendt ut og heller ikkje i organets møte.
   7. Ingen andre enn dei som er nemnde i nr. 1 og 6 kan fremje forslag for organet.

b) Typar av forslag:
   1. Alternativt forslag: Nytt forslag som er eit alternativ til heile eller deler av innstillinga eller tilrådinga i saka. Ligg det føre både innstilling frå kommunedirektøren og tilråding frå underliggande organ, er det tilrådinga frå organet som er voteringstema. Viss kommunedirektørens innstilling skal bli voteringstema, må ein eller fleire medlemmar fremje innstillinga som sitt forslag.
   2. Endringsforslag: Forslag om endring i innstillinga eller tilrådinga i saka, t.d. ord, tal eller setning, for å nyansere eller presisere element i vedtaket.
   3. Tilleggsforslag: Forslag som er eit tillegg til innstillinga eller tilrådinga utan andre alternativ eller endringar.
   4. Oversendingsforslag: Ein medlem kan under handsaminga av ei sak fremje forslag som ikkje direkte gjeld realiteten i saka og som vender seg til andre enn den eller dei saka retter seg direkte mot. Forslaget må angi kven det rettar seg mot, og blir protokollert som oversendingsforslag. Eit oversendingsforslag kan også bli fremja i tilknyting til ein interpellasjon. Formannskapet har mynde til å avgjere vidare saksgang for

oversendingsframlegg som vert vedtatt i folkevalde organ. Kommunedirektøren legg fram tilråding om vidare saksgang i dei ulike oversendingsframlegga til formannskapet.

5-19 VEDTAKSEVNE. AVSTEMMINGAR

a) Eit folkevalt organ kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmane har vore til stades under forhandlingane og avgitt stemme i vedkommande sak. Medlem som er til stades i møtet når saka blir tatt opp til avstemming, kan ikkje forlate møtet under avstemminga.
b) Vedtak skjer med alminneleg fleirtal av dei stemmer som blir avgitt.
c) Alminneleg fleirtall gjeld ikkje i følgjande tilfelle:
   1. Innføring og oppløysing av kommunal parlamentarisme: Det må vere avgitt eit tal stemmer for vedtaket som utgjer minst halvparten av tal medlemmar av kommunestyret.
   2. Å treffe vedtak i sak som ikkje er ført opp på sakslista ved innkalling til møtet: Møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemmane kan motsette seg dette
   3. Å avgjere om det skal vere valting på søndag i tillegg til måndag: Vedtak må bli tatt av kommunestyret med tilslutning frå minst 1/3 av medlemmane.
   4. Å avgjere om vallokala skal vere opne lenger enn det valstyret har vedtatt: Vedtak må bli tatt av kommunestyret med tilslutning frå minst 1/3 av medlemmane.
   5. Vilkåra for mindretalsvedtak etter nr. 3 og 4 ovanfor er at vedtaka blir fatta seinast samtidig med budsjettet for valåret.
d) Følgjande reglar gjeld for avstemninga (voteringa):
   1. Avstemmingsrekkefølge: Det bør voterast først over dei mest ytterleggåande forslaga. Ved usemje avgjer organet sjølv rekkefølgen i avstemminga ved alminneleg fleirtal.
   2. Samla votering: Ligg det føre berre eitt forslag blir dette vedtatt med alminneleg fleirtal, med mindre lov eller forskrift bestemmer noko anna.
   3. Punktvis votering: Ved forslag som inneheld fleire punkt eller element, kan det bli votert over kvart punkt, dersom forslagstillar ber om det. Viss andre enn forslagstillar ber om punktvis votering kan forslagstillar motsette seg det ved å vise til at forslaget er ein heilskap som ikkje kan bli plukka frå kvarandre. Andre medlemmar kan då fremje eige forslag der eitt eller fleire av elementa i det opphavlege forslaget er med. Dette vil då bli eit alternativ til det første forslaget.
   4. Votering ved fleire forslag: Ligg det føre alternative forslag, blir det stemt enkeltvis over kvart forslag. Det forslaget som får fleirtalet av stemmene ved førstegangs avstemming, er vedtatt. Får ingen av forslaga fleirtall ved første gangs avstemming, blir det stemt over dei to forslaga som fekk flest stemmer ved første votering.
   5. Alternativ votering: Dersom medlemmene i organet er einige om det, kan det ved fleire forslag bli gjennomført alternativ votering utan først å stemme over kvart enkelt forslag. Forslaga blir i staden samla i to grupper der det mest ytterleggåande blir sett opp mot dei andre forslaga. Får det ytterleggåande forslaget færrast stemmer, fell det bort og det blir ny alternativ votering mellom dei resterande forslaga. Prosessen held fram heilt til eitt av dei har fått fleirtal.
   6. Prøvevotering: For å få størst mogleg semje, er det høve til å nytte prøvevotering før saka blir tatt opp til endeleg votering.
   7. Ved stemmelikheit vert møteleiars stemme avgjerande.
   8. Særlege reglar ved kommunestyret si handsaming av økonomiplan eller årsbudsjett: Ved den endelege avstemninga over forslag til økonomiplan eller årsbudsjett må det bli stemt over forslaget som ein heilskap. Er det fremja alternative forslag, og ingen av desse får fleirtall ved første gangs avstemning, blir det deretter stemt alternativt mellom dei to forslaga som fekk flest stemmer ved første votering.
   9. Særlege reglar ved val: Ved høvetalsval, fleirtalsval og avtaleval gjeld reglane i kommunelova §§ 7-4 til og med 7-8.
e) Medlemmar som er til stades når saka blir tatt opp til votering, pliktar å avgi stemme ved å gi

stemmeteikn.

f) Ved val og tilsettingar er det anledning til å stemme blankt.

5-20 PROTOKOLLTILFØRSEL

Eitt eller fleire medlemmar har rett til å gi grunngjeving for standpunkt i ei sak. Ein slik protokolltilførsel må framførast munnleg seinast rett etter avstemming, før neste sak handsamast. Medlemmen skal sende inn sin protokolltilførsel skriftleg før møtet er heva.

5-21 ORIENTERINGAR

a) Etter at medlemmane har godkjent saklista, skal møteleiar gjere greie for kva presentasjoner, orienteringar, spørsmål og anna, som ikkje står på saklista, som vil bli lagt fram for medlemmane i møtet.

b) Orienteringar og presentasjonar kan haldast med følgande føringar for møte i kommunestyret:
   - Orientering / presentasjon inkludert spørsmål i etterkant skal ikkje overgå 1 time per møte.
   - Orienteringar/presentasjonar skal vere ny informasjon til dei folkevalde.
   - Presentasjonar og orienteringar gitt i komite / planutval eller formannskap, som er tatt opp, kan sjåast av medlemmane i forkant av møte i kommunestyret som ei erstatning til orientering i møtet.
   - Orientering/ presentasjon skal primært kome til slutt i møta.
   - Ved arbeidsmøte utan vedtak gjeld ikkje føringane i dette punktet (5-21, b).
   - Ved orientering/ presentasjon frå personar som ikkje er knytt til kommunen sin eigen organiasjon, skal ein anstrenge seg for å få legge fram meir enn ei side av ei sak.

c) Det skal ikkje debatterast eller voterast over referatsaker eller over saker som ikkje står på saklista. Dersom ein medlem ønsker ei realitetshandsaming, gjeld reglane i kommunelova § 11-3

5-22 INTERPELLASJON, GRUNNGJEVE SPØRSMÅL

a) Interpellasjon er eit skriftleg, grunngjeve spørsmål frå medlem av kommunestyret til ordføraren, til dømes med ønske om å få fram ei politisk sak. Følgjande prosedyre blir gjort gjeldande:
   1. Interpellasjonen skal vere skriftleg og meld innan kl. 12.00, ni dagar før møtet.
   2. Interpellasjonen som blir fremja innan fristen, blir sett opp som eiga sak på sakslista til første kommunestyremøte.
   3. Interpellasjonen blir handsama på slutten av kommunestyremøtet, før spørsmål.
   4. Ordføraren gir svaret til interpellanten i møtet. Svaret blir tatt inn i møteprotokollen og saksdokumentet.
   5. Etter at ordføraren har svart, har interpellanten høve til å kommentere svaret kort. Møteleiar kan velje å opne for ordskifte.
   6. Ein interpellasjon skal ikkje realitetshandsamast. Medlemmane har anledning til å stemme over å sende eventuelle forslag som fremjast i samband med ein interpellasjon til formannskapet som eit «oversendingsforslag» (jf. pkt. 5-17) for å slik be om å få ei sak på sakskartet.

b) Medlem i kommunestyret, formannskapet og faste utval og komitear oppretta etter kommunelova § 5-9 kan innan kl. 12.00, tre verkedagar før møte, melde inn skriftleg, grunngitt spørsmål som det er ønskje om å få svara ut i møte. Følgjande prosedyre blir gjort gjeldande:
   1. Møtande medlem kan innan den fristen som er sett varsle skriftlig om at det i møtet vil bli fremja eit spørsmål som ikkje er tilknytta sakene i møtet. Spørsmålet skal vere retta til

møteleiaren med kopi til kommunedirektøren og sekretariatet. Forslaget skal ha overskrifta *Spørsmål til møte i* ..... (organ og dato for møte) *om* … (kva saka gjeld).

2. Følgande utdjupande reglar gjeld:
    - Møteleiar avgjer kva spørsmål som blir svara ut, og i kva rekkefølge, innanfor avsett tidsramme.
    - Spørsmålet skal vere kort og rettast til møteleiar. Møteleiar kan svare sjølv eller be administrasjonen om hjelp.
    - Spørsmålsstillar kan ikkje forvente omfattande svar – eller noko svar – på spørsmål som blir sett fram i møtet.
    - Ein medlem kan ikkje stille fleire enn 1 spørsmål i eitt og same møte.
    - Spørsmålsstillar har høve til å kommentere svaret kort. Møteleiar kan velje å opne opp for ordskifte.

3. Spørsmål frå innbyggjarar (gjeld berre kommunedelsutvala):
    - Innbyggjarar kan kome med spørsmål til kommunen, som gjeld deira kommunedel, som kan svarast ut i møte i kommunedelsutval.
    - Spørsmåla sendast inn til kommunedelsutvala si e-postadresse.
    - Møteleiar svarar direkte eller ber administrasjonen om hjelp til å finne svar.
    - Spørsmålet svarast anten ut skriftleg til innbyggar eller spørsmålsstillar får høve til å stille spørsmål i møte etter avtale med leiar.
    - Spørsmålsstillar kan ikkje forvente omfattande svar – eller noko svar – på spørsmål som blir sett fram i møtet.

5-23 PROTOKOLLERING AV MØTE (§11-4)

a) Det skal førast møtebok for møte i alle folkevalde organ. Med unntak av delane som er unnateke ved lov, skal møteboka vere tilgjengeleg for allmenta.

b) Møteboka skal innehalde opplysningar om tid og stad, kven som møtte og kven som ikkje møtte, sakene som vart handsama, kva vedtak som vart fatta og avstemmingsresultatet.

c) Heimel for kvifor eit møte skal lukkast skal skrivast inn. Det same gjeld dersom ein medlem er vedtatt inhabil til å delta i handsaminga av ei sak eller får fritak av personlege grunnar.

d) Skriftlege spørsmål, skriftlege svar og anna skriftleg dokumentasjon (som presentasjonar og liknande) blir protokollert i eiga fast sak i møta.

-

6. SEKRETARIAT

6-1 SEKRETARIATA SINE ANSVARSOMRÅDE KNYTT TIL FOLKEVALDE ORGAN

a) Dei folkevalde organa som er nemnt i dette reglementet, er knytt til eit sekretariat.

b) Sekretariata er ansvarlege for førebuing, gjennomføring og etterarbeid knytt til politiske møter i samråd med og etter ønske frå møteleiar og i tråd med gjeldande reglement.

6-2 OVERSIKT OVER SEKRETARIAT

Organ	Sekretariat
Aksjeselskap (AS) [1]	Selskapet sin administrasjon
Andre tidsavgrensa komitear, utval og nemnder	Blir vedtatt ved etablering
Arbeidsmiljøutvalget	Personal og løn
Beredskapsrådet	Politisk sekretariat
Brattvåg, Hildre og Søvik kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Byggekomitear	Byggeprosjektsekretariatet
Eigarutval	Politisk sekretariat
Eldreråd	Politisk sekretariat
Ellingsøy kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Forhandlingsutvalget	Personal og løn
Formannskapet	Politisk sekretariat
Hessa, Skarbøvik og Aspøy kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Indre Borgund kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Interkommunale selskap (IKS) [1]	Selskapa sin administrasjon
Klagenemnda	Politisk sekretariat
Kommunestyrekomite for helse og omsorg	Politisk sekretariat
Kommunestyrekomite for kultur og medborgarskap	Politisk sekretariat
Kommunestyrekomite for opplæring	Politisk sekretariat
Kommunestyrekomite for teknisk, miljø og samferdsel	Politisk sekretariat
Kommunestyret	Politisk sekretariat
Kontrollutval for skjenkesaker	Politisk sekretariat
Kontrollutvalget (kommunelova kap. 23)	Kontrollutvalssekretariatet
Nordøyane kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Partsamansette utval (Administrasjonsutval)	Personal og løn
Planutval	Politisk sekretariat
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Politisk sekretariat
Sandøy og Fjørtoft kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Skattetakstklagenemnda	Kart og oppmåling
Skodje kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Spjelkavik, Åse og Lerstad kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Styret for Møre og Romsdal 110-sentral KF	Foretakets administrasjon
Styret for Ålesund brannvesen KF	Foretakets administrasjon
Styret for Ålesund kommunale eiendom KF	Foretakets administrasjon
Ungdomsråd	Politisk sekretariat
Valstyret	Politisk sekretariat
Vatne og Tennfjord kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Ørskog kommunedelsutval	Politisk sekretariat

[1] Eige rettssubjekt utanfor kommunen sitt domene.